



**FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL**

# **HØYRINGSBREV**

---



## **GRENSEENDRING**

**MYKLEBUSTVATNET NATURRESERVAT,**

**HERØY KOMMUNE**

**Høyringsfrist: 22.02.2013**

## 1 INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune. Endringa medfører ein reduksjon av arealet på ca. 6 daa fastmark. I samband med dette vert verneforskrifta for naturreservatet tilpassa til det nye arealet, og eigedomsopplistinga vert oppdatert .

## 2 BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Myklebustvatnet naturreservat vart verna 27.05.1988 med følgjande formålsparagraf i verneforskrifta:

*«Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv».*

Naturreservatet er ca. 315 daa landareal som omfattar tre tjønner i delvis gjengroing, sumpområde, lyngheier og noko gjengroande slåtte- og beitemark. Gjennom åra både før og etter vernevedtaket er det det bygd hus og andre anlegg inn mot reservatgrensa, og naturreservatet framstår som veldig inneklemt og påverka av randsonene.

Ei vanskeleg sak har vore framlegget til ny innfartsveg FV 654 til Fosnavåg. Her vart det fremma eit alternativ A som ville kome inn i reservatet på nordsida, medan alternativ B i stor grad ville følgje eksisterande innfartsveg, bortsett frå at ei ny rundkøyning med gangveg ville kome inn i reservatet i nord-vestre hjørne over eit areal på eit par-tre dekar. Det vart fremma motsegn til alternativ A, og Miljøverndepartementet tok denne til følgje 21.01.2011. Det vart samstundes opna for at ein kunne gå vidare med alternativ B gjennom ein reguleringsplanprosess.

Kommunen og Statens vegvesen har arbeidd vidare med planane, og det er no semje om eit alternativ med rundkøyning og gang- og sykkelveg på ei fylling som delvis går inn i Myklebustvatnet naturreservat. Det er lagt vekt på å få ei løysning som krev minst mogeleg areal, og som elles har ei utforming som har minst negativ verknad på verneverdiane. Ein har gått for eit alternativ med ei fylling med stigning 1:1,5 jf. vedlagte profilar frå Asplan Viak. Fylkesmannen foreslår at grensa vert tilpassa dette, og har lagt ei sone utanfor fyllingsfoten på ca. 5 meters breidde for anleggsarbeid.

Vidare kjem det fram at det er mindre eit avvik mellom kartet i Kongeleg resolusjon av 27.05.1988 og den oppmerka grensa. Dette dreier seg om heilt marginale avvik, og må skuldast både det grove, manuelt oppteikna kartet i kgl. res., og reint praktiske omsyn ved oppmerkinga. Eit grensepunkt lengst i aust har falle ut i høve til grensa i kgl. res. Vi foreslår at ein rettar opp feil og oppdaterer kartet i samsvar med grensemerkinga når ein først gjennomfører ein grenseendringsprosess.

Herøy kommune har i samtalar peika på at det kan komme planar om å etablere ei ny rundkøyning ved utløpet av Myklebustvatnet, og at denne kan berøre naturreservatet. Vi har så langt ikkje grunnlag for å vurdere noko slik endring, og saka er heller ikkje utgreidd.

### 3 ENDRINGSFRAMLEGGET

Fylkesmannen har etter dette utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tek ut ca. 6 daa av reservatet. Vi har vist gammal (grøn) og ny grense(raud) på både kart og ortofoto. Vi har laga eit detaljkart i nordvestre hjørne der rundkøyringa vil komme. Arealet vert etter dette ca. 309 daa.

Etter endringa og oppdatering av eigedomsoversiktene, vil naturreservatet omfatte delar av følgjande grads- og bruksnummer, jf. forskrifta pkt. II:

29/2, 9, 14, 18, 21, 38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 4, 21, 32; 37/2, 3, 5, 6, 9, 12, 26, 40, 67, 100, 171, 229, 270, 273, 314, 318, 323, 396, 409 og 412.

Vi har vist både den gamle og den nye eigedomslista på side 7.

Vi har vurdert grenseendringa etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. også § 7.

Etter § 8 om kunnskapsgrunnlaget er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i områda som vert teke ut av naturreservatet. I området ved rundkøyringa i nord-vest vil ein fjerne mindre enn 0,5 daa lynghei, inntil 1 daa myr og sumpmark, samt vel eitt daa med kulturmark i gjengroing. Dette er naturtypar som framleis vil finnast i stort omfang i reservatet. Myr- og sumpområda er beiteområde for vadefuglar som bekkasinar. I tjønnene finn vi ulike gras- og dykkender, gjæser og songsvane. I områda rundt desse er det påvist sårbare artar som myrrikse og vassrikse, samt ulike sangarar.


Vi føreset at arealet som vert teke ut ikkje får ein bruk som gjev negativ verknad inn i reservatet, jf. naturmangfaldlova § 49. Særleg viktig vert det å skjerme reservatet mot ferdsel. Det må kunne gro opp stadeigne treslag på fyllinga mot vegen, og det vert også laga ein skjerm her. Dette vurderer vi som tilstrekkelege tiltak.

Ut frå prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i § 10, vil det vere viktig å få ein så god skjøtsel av restarealet at ein oppnår ei robust forvaltning av verneverdiane. Fjerning av eit areal vil gje resten av reservatet ein tilsvarende større verdi. Det krevst difor ein aktiv skjøtsel som restaurering av vasslekkasje frå nedre tjønna, fjerning av framande artar som parkslirekne, rynkerose, platanlønn og sitkagran, samt rydding av andre tre og buskar.


Føre-var-prinsippet (§ 9), kostnader ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) kjem ikkje til bruk i denne saka.

### 4 HØYRING OG MERKNADSRIST

Framlegget ligg ute til offentleg ettersyn på Herøy Rådhus, Fosnavåg, i tida 10.01 – 22.02.2013. Evt. merknader skal sendast innan 23. februar 2013 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde evt. på mail til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no).







# Forskrift om vern av Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift xx.xx 2013 nr. yyy, heile forskrifta kunngjort.

## I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde i Myklebustvatnet i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Myklebustvatnet naturreservat.

## II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

29/2, 9, 14, 18, 21, 38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 4, 21, 32; 37/2, 3, 5, 6, 9, 12, 26, 40, 67, 100, 171, 229, 270, 273, 314, 318, 323, 396, 409 og 412.

~~29/38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 2, 4, 21, 26, 32, 39, 60; 37/1, 2, 3, 5, 6, 9, 12, 17, 26, 28, 40, 42, 56, 73; 142/180, 258, 259, 270, 295, 309, 310.~~

Reservatet dekkjer eit areal på ca ~~324~~ 309 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:4.000 datert Direktoratet for naturforvaltning xx 2013. ~~1:2.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987.~~ Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Herøy kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

## III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

## IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

I tida f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. oktober er all ferdsel i reservatet forbode.

## V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-,ambulans-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Drift av dei jordbruksareal som fell innfor reservatet.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

## VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppføring av gjerde m.m.

## VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.



## VIII

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

## IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## X

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks. Samstundes blir Miljøverndepartementet sitt vedtak frå 30. mars 1977 om midlertidig vern oppheva.

---

<b>Gnr</b>	<b>Bnr</b>	<b>Fnamn</b>	<b>Enamn</b>	<b>Adresse</b>	<b>Postnr</b>	<b>Poststad</b>
29	2	Laila Janne Berge	Frantsen		6091	FOSNAVÅG
29	9	Ingebjørg	Berge	Bergsneset 1	6091	LEINØY
29	14	Harald Kjellmar	Runde		6793	INNVIK
29	18	Lars Andersen og Åse Remøy		Verket 8	6091	FOSNAVÅG
29	21	Petter Magnus	Berge	Verket 18	6091	FOSNAVÅG
29	38	Herøy kommune		Postboks 253	6099	FOSNAVÅG
29	181	Herøy kommune				
29	183	Herøy kommune				
29	184	Herøy kommune				
29	186	Herøy kommune				
29	188	Herøy kommune				
31	1	Ola Andreas	Strand	Borgarhaugvegen 8	6091	FOSNAVÅG
31	4	Tømrer Prosjekt AS		Røysbakken 5	6100	VOLDA
31	21	Arnvid Elias	Hjelmeset	Buholmvegen 5	6091	FOSNAVÅG
31	32	Karin Johanne	Voldsund	Hjelmesethvegen 25	6092	FOSNAVÅG
37	2	Arna	Bergsnes	Verket 18	6091	FOSNAVÅG
37	2	Frank	Frantzen	Gjerdevegen 3	6092	FOSNAVÅG
37	2	Frantz Kr.	Frantzen	Bendalsvegen 2 D	6091	FOSNAVÅG
37	2	Gustav	Frantzen	Gamle Myklebustveg 9	6092	FOSNAVÅG
37	2	Kjell	Frantzen	Sjøgata 91	6065	ULSTEINVIK
37	2	Astrid	Hasfjord	Gamle Myklebustveg 16	6092	FOSNAVÅG
37	3	Runar	Larsen	Selvågvegen 8	6092	FOSNAVÅG
37	5	Barbro	Bostad	Myklebustvegen 16	6091	FOSNAVÅG
37	6					
37	9	Herøy kommune				
37	12	Helge	Myklebust	Ulstein	6065	ULSTEINVIK
37	12	Roger	Myklebust	Hjelmesetvegen 11	6092	FOSNAVÅG
37	12	Tor	Myklebust	Stavkirkevegen 3 B	5231	PARADIS
37	26	Sindre-Jakob Sande	Bostad	Smestadhagan 1 B	0376	OSLO
37	40	Reidun Hansine	Grønfur	Ole Messeltsv 118	0676	OSLO
37	67	Hilde Brandal og Ole-J. Hungnes		Holbergs gate 44 D	7015	TRONDHEIM
37	100	Beate	Broks	Svingen 23	6092	FOSNAVÅG
37	171	Alice og Arne	Heskestad	Bakkesvingen 7	2040	KLØFTA
37	229	Lasse	Myrhol	Bendalsvegen 15 F	6091	FOSNAVÅG
37	270	Inger	Olsen	Selvågvegen 18	6092	FOSNAVÅG
37	273	Morits Arnold	Frantsen	Ospenesvegen 10	6092	FOSNAVÅG
37	314	Barbro	Bostad	Myklebustvegen 16	6091	FOSNAVÅG
37	314	Eva Fanny	Myklebust	Toftestøvegen 19	6092	FOSNAVÅG
37	314	Joakim Martin	Myklebust	Toftestøvegen 6	6092	FOSNAVÅG
37	314	Jorunn Lise	Myklebust	Klokkargardsvegen 16	6092	FOSNAVÅG
37	314	Marit Gerd	Myklebust	Villavegen 41	8516	NARVIK
37	314	Per Gunnar	Myklebust	Koparstadvegn 50	6098	NERLANDSØY

37	314	Roger Bjørn	Myklebust	Nymarkvegen 8	6100	VOLDA
37	314	Leif Olav	Myklebust	Storebakken 14	6092	FOSNAVÅG
37	314	Sølvi Karin	Myklebust	Klokkargardsvegen 16	6092	FOSNAVÅG
37	314	Magnus	Myklebust	Øvre Gunnilåra 6	7580	SELBU
37	314	Ingrid Johanne	Emblem	Djupmyra 30	6013	ÅLESUND
37	314	Odd Asbjørn	Nybø		6240	ØRSKOG
37	314	Arna	Bergsnes	Verket 18	6091	FOSNAVÅG
37	314	Frank	Frantzen	Gjerdevegen 3	6092	FOSNAVÅG
37	314	Frantz Kr.	Frantzen	Bendalsvegen 2 D	6091	FOSNAVÅG
37	314	Gustav	Frantzen	Gamle Myklebustveg 9	6092	FOSNAVÅG
37	314	Kjell	Frantzen	Sjøgata 91	6065	ULSTEINVIK
37	314	Astrid	Hasfjord	Gamle Myklebustveg 16	6092	FOSNAVÅG
37	314	Herøy kommune				
37	318	Herøy kommune				
37	323	Herøy kommune				
37	396	Herøy kommune			6090	FOSNAVÅG
37	409	Hans og Trine	Garnes	Ospenesvegen 8	6092	FOSNAVÅG
37	412	Fosnavåg Utbygging AS		Eggesbøvegen 25	6092	FOSNAVÅG